



Statens vegvesen

Multiconsult ASA – Stord
Kunnskapshuset
Sæ 132
5417 STORD

Øyvind Skaar

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Guri Finne Sognnæs / 56520284

Vår referanse:
17/52432-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
30.05.2017

Statens vegvesen sin uttale til oppstart av detaljregulering – omlegging av fv. 48 Løfallstrand til Kote 70 – Kvinnherad kommune

Syner til dykkar oversending som vart motteke 07.04.2017.

Statens vegvesen uttaler seg med bakgrunn i rollen som vegadministrasjon for fylkeskommune i fylkesvegsaker, samt statleg fagorgan med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for sykkel og gange, universell utforming og miljøulempar knytt til veg- og vegtrafikk.

Føremål: Føremålet med planen er «å leggja til rette for omlegging av Fylkesvegen 48 forbi Løfallstrand».

Bakgrunn: Då ferjeleiet vart flytta frå Løfallstrand til Årsnes i 2010 var eit av vilkåra at fv. 48, frå Løfallstrand til Årsnes skal utbetrast.

Overordna planar: Planarbeidet er i samsvar med overordna planar; kommuneplanens arealdel, sett vekk i frå LNF-område i ytterkantane av planområdet, og «*Kommunedelplan omlegging av FV48 Løfallstrand*» (planid 20120025).

Våre merknader:

- Statens vegvesen stadfestar at meldinga om oppstart tek i vare det me er opptatt av: fokus på støy, skredfare/rassikring og trafikkisikkerheit.
- Reguleringsarbeidet må også ta for seg den framtidige statusen av eksisterande fylkesveg. Statens vegvesen tilrår at denne vegstrekninga vert omklassifiserast til kommunal veg.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

- I tråd med kommunedelplanen (planid 20120025) legg me til grunn at den nye vegen ikkje legg til rette for mjuke trafikantar. Då er det særst viktig at reguleringsplanen legg føringar for at eksisterande vegstrekning vert tilrettelagt for mjuke trafikantar.
- Ut i frå topografien, dimensjonen og vald vegstandard kan dette verte eit dyrt vegprosjekt. Då vil me spesielt nemne utfordringar med rassikring og krav til veglinje.

Statens vegvesen er kjent med at dette prosjektet pr. i dag ikkje er prioritert av Hordaland fylkeskommune. Syner også til eigen uttale frå Hordaland fylkeskommune.

Når reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn og det ligg føre eit konkret planframlegg, vil me vurderer om våre interesser er tilstrekkeleg sikra i planen.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl-Erik Nielsen
Seksjonssjef

Guri Finne Sognnæs

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Kvinnherad kommune, 5470 ROSENDAL